

## ÅRSMELDING HOVUDSTYRET SULDAL IDRETTSLAG

### Styrets samansetning 2016 har vore:

Leiar:	Arne Vold
Nestleiar:	Tommy Berven Hansen
Kasserar:	Silje Færøy
Skrivar:	Kari Steine
Styremedlem:	Øyvind Gjuvsland
Varamedlem:	Torfrid Baustad
Leiar trimgruppa:	Tor Inge Bråtveit
Leiar skigruppa:	Per Even Tjøstheim
Leiar økonomigruppa:	Gro Fisketjøn
Leiar fotballgruppa:	Svein Øystein Berge
Leiar valnemnd:	Leif Bakka

Etter at eit styremedlem trakk seg frå styret kort tid etter årsmøtet i mars 2016, vart det gjennomført eit ekstraordinært årsmøte i mai 2016 kor sitjande styre vart valt.

Suldal idrettslag hadde 31.12.2016 398 medlemmer, mot 370 året før. Framleis har idrettslaget medlemmer frå dei fleste grendene i kommunen.

Det har vore fire styremøte denne perioden, og forutan hovudstyret har gruppeleierane møteplikt på styremøta. Årsaker som arbeid og utdanning er medvirkande til varierende frammøte frå representantar på styremøta. Det har vore handsama 29 saker, kor ferdigstilling av prosjektet for utbetring av lysløypetraseen har vore den viktigaste saka. Mykje ros til prosjektgruppa for den ferdige traseen.

2016 har vore prega av normalt god aktivitet i idrettslaget. Fotballgruppa har framleis den viktige rolla som pådrivar og organisator for kretslega i kommunen, mykje godt arbeid vert lagt ned her. Gledeleg er det å sjå kunstgrasbanen i bruk gjennom alle årets månadar. Frammøte på skitreningar og skirenn vitnar om godt arbeid også i skigruppa. At ein har lagt opp til meir breidde- og familie-retta samlingar ser ut til å vera eit veldig godt tiltak.

Aktivitetane i regi av trimgruppa er og godt nytta. I tillegg kvinnedominerte treningar som step og yoga, er ballspel/dametrim godt besøkt, og har auka til to treningar i veka. I tillegg støttar økonomigruppa resten av laget med arrangering av kiosksal ved undergruppenes arrangement.

Hovudstyret arrangerte i november saman med økonomigrupa og skigruppa «Byttehelgen», ein marknadsdag for brukt vintersportutstyr. Kiosk / kafe bidrog til godt oppmøte denne dagen.

Suldal idrettslag har og vore representert i Suldal idrettsråd.

Egil Fugleberg har etter meir enn 26 års arbeid med Skogstrimmen valt å gi stafettpinnen vidare til Suldal idrettslag. Skogstrimmen har i alle desse åra bidrege til at svært mange har komme seg ut på tur, dei seinare åra har me over 5000 signaturar i turbøkene; dette er ein sterk faktor til betra folkehelse i bygda vår! Mange takk til Egil for framifrå arbeid og god innsats alle desse åra!

Suldal idrettslag er i 2016 tildelt kr.25 000,- frå Sparebankstiftelsen SR-Bank til nye turbok-kassar til Skogstrimmen. Idrettslaget har hatt oppfølgingsmøte med Sparebank1 SR-Bank om sponsoravtale, og i tillegg vart samarbeidsavtalen med Statkraft fornya for eit år.

Suldal idrettslag takkar sponsorar og bidragsyterar for god støtte i 2016, og hovudsponsorane våre Sparebank1 SR-Bank og Statkraft. Takk også til kulturkontoret i Suldal kommune for godt samarbeid i 2016.

For utfyllande informasjon om aktiviteten i idrettslaget, viser me til undergruppernes årsmeldingar.

Til slutt må det rettast ein stor takk til leiarar, trenerar og foreldre i Suldal idrettslag. Dykkar innsats er grunnlaget for all den gode aktiviteten i idrettslaget, og er eit viktig bidrag til trivsel i grenda vår.

Suldalsosen 06.03.2017

Arne Vold, leiar